



Knut Willie Jacobsen  
Garvik  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/2128 - 19/23695

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
12.08.2019

## Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 65/18 Myksvoll nedre

**Tiltak:** Bustad  
**Byggjestad:** Gbnr: 65/18  
**Tiltakshavar:** Thomas Tuft  
**Ansvarleg søkjar:** Knut Willie Jacobsen

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om rammeløyve for riving av eksisterande «våningsshus benyttet som fritidsbustad» og oppføring av ny bustad den 15.07.2019.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

#### Situasjonsplanen

- Plassering av mur, areal for parkering og minste avstand mellom ny veg/mur og kommunal veg må visast på situasjonsplanen.
- **Teikningar**  
Det må sendast inn terrengprofil som viser plassering av bustad, veg og mur, samt lengdesnitt av muren. Høgdeplassering av bustad må gjevast opp ved kote OK golv og møne.
- **Status for bygget**  
Vi ber om at det vert gjort greie for når eigedomen sist var i bruk til bustadføre mål.
- **Dispensasjon frå byggjegrensa mot kommunal veg**  
Mur/ny veg er plassert innanfor byggjegrensa mot kommunal veg og krev som følgje av det at det vert søkt om og gitt dispensasjon. Skjema for søknad om byggjegrense ligg vedlagt. Oppdatert situasjonsplan der minste avstand mellom omsøkt tiltak og midt kommunal veg er ført på må leggjast ved søknaden.



- **Grunngitt dispensasjonssøknad**

Eigedomen ligg i område som i kommuneplanen sin arealdel er avsett til LNF-føremål. Omsøkt tiltak krev at det vert søkt om og gitt dispensasjon frå arealføremålet. Søknaden om dispensasjon som er send inn er ikkje tilstrekkeleg grunngitt, jf. pbl §§ 19-1 og 19-2.

- **Veg, vatn og avløp**

Det må dokumenterast at utsleppsløyve ligg føre og at det er tilstrekkeleg og hygienisk trygg drikkevassforsyning før igangsetjingsløyve kan gjevast.

Omsøkt tiltak vert send over til vegavdelinga for vurdering av om nytt avkøyringsløyve er nødvendig.

- **Privatrettslegeforhold**

Omlegging av eksisterande veg medfører at denne vil koma inn på gbnr 65/6. Før igangsetjingsløyve kan gjevast må det dokumenterast at det ligg føre grunneigaravtale om plassering av veg slik det er søkt om.

- **Arealrekneskap og utnyttingsgrad**

Utnyttingsgrad er oppgitt til 22,6 % BYA, men parkeringsareal oppgitt til 30 m<sup>2</sup> er ikkje tatt med. Utnyttingsgrada må rettast. Samla bruksarealet for ny bustad og bygget som skal rivast må gjevast opp. Det må dokumenterast at det er tilstrekkeleg uteopphaldsareal.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **30.09.2019**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottaks kontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

**Vedlegg:**

Skjema disp byggegrense Lindas kommune mai 2007

**Kopi til:**

|                      |                    |      |           |
|----------------------|--------------------|------|-----------|
| Knut Willie Jacobsen | Garvik             | 5912 | SEIM      |
| Thomas Tuft          | Steinestøvegen 242 | 5111 | BREISTEIN |
| Thomas Tuft          | Steinestøvegen 242 | 5111 | BREISTEIN |

**Mottakarar:**

|                      |        |      |      |
|----------------------|--------|------|------|
| Knut Willie Jacobsen | Garvik | 5912 | SEIM |
|----------------------|--------|------|------|